



Husa på dei to bruka er langt på veg restaurerte og i god stand.

Produsenten Strix Televisjon leitar stadig etter nye plassar for innspeling av Farmen. Uskedalen med gardsbruka på Fjellandsbø var ein aktuell plass for nokre år sidan. Drøftingane den gongen førte ikkje fram. Kan det vera aktuelt at Fjellandsbø på nytt vert fremja som ein god og ideell gard for dette programmet på TV 2.

I ei pressemøte frå produsenten vert det sagt at ein treng nye tips til gardsbruk. Strix Televisjon ser etter eigedomar der det har vore eller er eit gammalt gardsbruk eller ein husmannsplass. Reisa går 100 år tilbake i tid. Difor bør gardsbruket helst liggja litt for seg sjølv utan for mange moderne bygningar og installasjonar i synsfeltet. Plassen bør vera nær vatn. Det kan vera vatn, sjø, tjørn eller elv. Gardsbruket bør liggja solrikt til og ha dyrkbar jord. Det er veg fram til tunet.



Bilete syner at det trengst gjerast lite for å føra plassen 100 år tilbake i tid.

Fjellandsbø øvst i Uskedalen er, slik vi ser det, eit godt val for innspeling av Farmen. Tunet med to gadsbruk ligg vakkert til på eit høgdedrag omkransa av fjell, vatn og elv. Våningshus og løe på begge bruka er intakte. Uthusa er på plass. Grunneigarane har dei siste åra lagt ned eit stort arbeid med restaurering.

Farmen i haust er innspelt på Finnskogen. I forkant vert det gjort eit omfattande arbeid med rigging og ei tidsrett framstilling av plassen.

Produsenten bed om at tips vert sendt på e-post til farmen-gard@strix.no

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal



Fjellandsbø med to gardsbruk er ein ideell stad for innspeling av TV 2 sitt program Farmen.